

*Edu*

FISKERIDIREKTORATETS SKRIFTER

Serie Fiskeri

Vol. IV. No. 4

Published by the Director of Fisheries

FALLBOKA  
FOR MØRE OG ROMSDAL

Landmerke (méd) for dei fårlegaste falla

Landtoningar over Møre og Romsdal fylke

(Fjellmerke for dei viktigaste farleiene  
utpå og inn frå havet)


TILLEGG:

MÉDA FOR DEI VIKTIGASTE  
FISKEGRUNNANE ETTER TORSK

Utgjeven av  
Sunnmøre Fiskarlag ved  
KNUT UKSNØY

1959

A.S JOHN GRIEGS BOKTRYKKERI, BERGEN




## INNHOLD

	Side
Landmerke fri av einskilde fall .....	9
Méd og utløp frå Fosnavåg .....	10
Breisundet: Méd og utløp austanfor Rundøy .....	10
Giskeundet: Méd og utløp austanfor Godøy .....	11
Utløp frå Vigra .....	12
Inn- og utløp mellom Erkna, Storholmen og Vigra .....	13
Inn- og utløp frå Lepsøy aust for Storholmen .....	14
Inn- og utløp frå Haram .....	16
Inn- og utløp frå Skuløy og Fjørtoft .....	19
Inn- og utløp for Fjørtoft, Uksnøy og Myklebust .....	19
Méd frå Gåsskjeret og ut til Harøyfalla .....	21
Méd kring Harøyfalla .....	21
Méd kring Sandøysøyla og Ona .....	22
Méd kring Ona .....	23
Méd kring Kråksundet .....	23
Méd kring Buadjupet og Bjørnsund til Orskjera .....	24
Namn på méd som er brukte på Hustadvika .....	25
Méd kring Orskjera til Ravnen .....	26
Méd frå Ravneleia til Grip .....	26
Méd på austsida av Treflisleia kring Grip og Grip-Holen .....	28
Méd over og kring Griptarane, nordvest av Grip .....	28
Méd for å gå fri Griptarane .....	29
Méd for å gå nord om Skalmen fyr på Smøla .....	29
Inn mot Ramsøyfjorden .....	30
Landtoningar .....	31

### *Tillegg til Fallboka.*

Fiskegrunnar ved Stad og Svinøy .....	36
Fiskegrunnar ved og kring Breisunddjupet .....	36
Méd for bankane kring Stordjupet .....	38
Stabburmarka .....	39
Store fiskebankar som ligg nordvest av Rundøy, Lepsøy og Flemsøy	40
Små fiskeplassar kring Mebotnen .....	40
Fiskeméd ut for Fjørtoft og Harøy .....	41
Fjørtoftgrynnna .....	42
«Heldet» i Fjørtoftdjupa .....	42
«Herneslandmen» ut for Harøya .....	43
Storegga og Nyegga .....	44
Fiskegrunnar utfør Ona, Gossen og Bjørnsund .....	44
Onagrunnen .....	45
Fiskeplassar frå Bud til Teistklubben .....	46
Fiskeplassar frå Ramnegapet og til Grip-holen .....	47
Ein del fiskegrunnar ved Sør- og Vestsmøla .....	49
Ein del fiskegrunnar ved Vestsmøla .....	49
Ein del fiskegrunnar ved Nord-Smøla .....	50



FISKERIINNREKTORATET  
BIBLIOTEKET

## FØREORD

Frå eldgamle tider har det vore brukt *méd* eller *landmerke* for fárlege fall og grunnar og for fiskeplassar. Til landmerke brukte ein fjelltoppar, fjellrører, skard, haugar, tuer, holmar og skjer. Når dei før i tida fann ein fárleg grunne eller ein god fiskeplass, tok dei alltid *méd* – landmerke – for å finne att «gløgda» der fisken stod best i «røra». Dei tok méd i to retningar, slik at dei fekk ei krysspeiling. Når dei kom att neste gong, fann dei grunnen eller fiskeplassen etter desse méda. Slike méd har vore brukte på sjøen og samstundes gått i lærdom frå far til son i mange hundre år.

Då sjøkarta kom ikring 1870–80-åra, vart méda for grunnane mindre brukte for di karta hadde mange landmerke for farleier der det var mange fall. Fiskarane og sjømennene måtte lære «navigasjon» og krysspeiling for å kunne styre mellom grunnane. Dette let seg gjere med mykje bry, men det er mykje snøggare og tryggare å bruke méda når ein kjenner dei eller har dei nedskrivne.

Den første vi kjenner til som fekk trykt ei «fallbok» over fárlege grunnar ved kysten frå Skorpa til Ona, var Knut B. Molnes frå Vigra på Sunnmøre. Han var soneson til ein los frå Brunvoll på Harøy, og denne boka hans vart kvar båtførar og los si eige i lange tider.

I 1925 kom boka i nytt opplag, men dette opplaget har nok vore lite, for boka er no vanskeleg å finne att.

Mellom fiskarane i Møre og Romsdal har det vore eit stort ynske å kunne skaffe seg ei slik «fallbok». Fellesutvalget for fiskarlaga i fylket tok difor i 1945 opp spørsmålet om å gje ut ei utvida utgåve av boka for heile fylket og å få tatt opp landtoningar – foto av fjella – serleg til bruk i dei viktigaste farleiene ut og inn frå havet. Distriktsfiskarlaga sa seg samde i dette tiltaket, og ei arbeidsnemnd vart vald med Ola Kalvøy, Nordmøre, Laurits Farstad, Romsdal, og Knut Uksnøy, Sunnmøre, den siste som formann.

Nemnda la så spørsmålet om fotografering av landtoningane fram for direktør Rolf Kjær i Norsk Sjøkartverk, som lova hjelp og stønad til arbeidet. Landtoningane vart tatt i 1949 og 1951.

I 1948 søkte nemnda Fiskeridepartementet om statsstønad, og etter tilråding frå Fiskeridirektøren fekk ein 2 500 kroner til landtoningane. Etter søknad fekk ein og 1 000 kroner frå Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag og 500 kroner frå Sunnmøre og Romsdal Småkvalfangarlag til arbeidet.

Méda i den tidlegare utgåva av «Fallboka» er korrigerte og feila retta. Opplysningane om dei nye méda, som er komne i tillegg, har ein fått frå lokalkjende menn frå Sunnmøre og Nordmøre. Det skulle såleis vere grunn til å tru at alle méd for grunnar og farleier i boka er rette. I boka har ein tatt med dei fleste grunnnane som ligg lengst av land. Då ein reknar med at alle skipperar kan gjere seg god nytte av sjøkarta, er mange av grunnnane som ligg nær under land ikkje tatt med i boka.

Vi trur at denne fallboka, ved sida av landtoningane, sjøkartet og ekkoloddet, skal verte fiskarane til stor nytte under fart og fiske i og ved den fárlege skjergarden i Møre og Romsdal, og ynskjer difor tillukke med bruken av boka.

Frå eldre tider slik det hev  
opp gjennom tida gjenge,  
at båt frå far til son dei gjev  
og heim og alt hev fenge.  
Og slik det framleis og må gå  
skal Norges fiske tryggje  
eit levebrød til dei som må  
på Norges havstrand byggje.

*Under opp tak av landtoningar har desse vore med som kjentmenn:*

Frå Stad til Erkna: Los Mons Kvalsvik, Nerlandsøy.

Frå Erkna til Ona: Knut Uksnøy, Haram.

Frå Ona til Kvitholmen: Laurits Madsen, Nordre Bjørnsund.

Frå Kvitholmen til Treflesa: Peder Skarvøy, Vevang.

Frå Treflesa til Ramsøyfjorden: Johan Antonsen, Grip. Isak Steinsønes.

*Desse har hjelpt til med korrigering av oppgåvene og gjeve nye opplysningar om méd:*

Frå Stad til Fauskane: Los Mons Kvalsvik, Nerlandsøy.

Frå Fauskane til Storholmen: Sevrin H. Molnes, Vigra.

Frå Storholmen til Ulla fyr: Ingvald Lausund, Lepsøy, Bernt Haram, Haramsøy.

Frå Ulla fyr til Nogvafjorden: Knut Longvanes, Flemsøy.

Frå Nogvafjorden til Storskallen: Kristoffer P. Fjørtoft, Fjørtoft.

Frå Storskallen til Horsfalla: Knut Uksnøy, Haram.

Frå Horsfalla til Kråksundet: Knut Ugelvik, Otterøy.

Frå Kråksundet til Kolbeinflua: Laurits Madsen, N. Bjørnsund.

Frå Kolbeinflua til Kvitholmen: Einar Teistklubb, Vevang.

Frå Kvitholmen til Ramnane: Peder Skarvøy, Vevang.

Frå Ramnane til Griphølen og for Griptarane: Los Iversen, Grip.


I tillegg til opplysningane frå desse kjentmennene har nemnda tatt med ein del av «Den norske los» 7. hefte, som er utgjeven av Norges Geografiske oppmåling.

Ansvaret for innhaldet i Fallboka og tillegget, ligg på nemnda.

*Merknad:* Alle sjøkarta for Møre og Romsdal har stadnamn på bokmål. Nemnda har likevel så langt råd er nytta ein meir nynorsk skrivemåte i Fallboka. For å unngå vanskar for fiskarane har ein vanlegvis berre gjeve namna nynorske endringar. Elles har ein mått halde på dei namneformene som står på kartet. Namna vert difor ei blanding av bokmål og nynorsk, noko vi bed om orsaking for.

For nemnda

*Knut Uksnøy.*



## Landmerke fri av einskilde fall.

(Dei méda som det er landtoning av, er merkte med \*).

1. *\*Inn Vanylvgapet*: Bruna midt i Vanylvgapet.
2. *\*Inn Flåværleia*: Fløegga vel framom Leinefjellet.
3. *\*Fri sørvest for Fauskane*: Hallenubben litt innpå Sjursfjellet (Sandsøy).
4. *\*Fri nordvest for Fauskane*: Høgste Rundøy varde til Muleneset.  
*Méd for Fausken* ( $5\frac{1}{2}$  fv.): Midthaugen på Rundøyfjellet utfør Kvalsvikmulen og Larsneset på austenden av Sjursfjellet (Sandsøy). Den er vid og er färleg i stor sjøgang.
5. *\*Rett over Juklebåen* (8/6 fv.): Skageneset over Myrbærhaugen (Skorpa), og Fløegga på austenden av Handfanget (austkanten av Rundøyfjellet).  
*Fri vestanfor*: Revjehornet på vestpynten av Ristøya.  
*\*Fri nordanfor Juklebåen*: Sæviksteinen til Golleneset.
6. *Méd for Sandsøy—Skjeggene*: (6/6 fv.): Flø fint fram for Leinøya (går midt over Skjeggene).  
*Fri vestanfor Skjeggene*: Haugsholmen fyr går til Basteneset (Kvamsøy).  
*Fri austanfor Skjeggene*: Nonshornet (Kvamsøy) inn på austpynten av Ristøya, eller når Svinøykalven går 2–3 gonger breidda si aust om Svinøya.  
*Fri sørانfor Store Godøyflua* (3 fv.): Flø gjøymd attom Leinøya eller Godøya til Kvalsundaksla.  
*Méd over Store Godøyflua*: Langedragneset (Sandsøy) mellom Klovholmane.  
*Farlei austanfor Svinøya*: Nystølhornet inn til venstre neset av Sandsøy (ved Dollsteinen). Dette médet går fri vest om Grunnskallen ( $7\frac{1}{2}$  fv.), Kolbeinsnabben (14 fv.) og Rimmeflu (7 fv.).  
*Farlei austanfor Svinøya*: Kragsethornet rett over Dollsteinen. Dette médet går fri vest om ytre Håskallen (14 fv.) og midt mellom Rimmeflu (7 fv.) og Fauskefluene ( $5\frac{1}{2}$  fv.).  
*Fri nordanfor ytste Håskallen, Juklebåen og Geitmaren*: Rundøy fyr i høgste Godøyfjellet.

### Méd og utløp frå Fosnavåg.

*Méd for Geitmaren* (2 fv.): Nerlandsaksla til Skibesteinen på Kvalsvikfjellet og Hurlægga (Gamlemsfjell) på gamle Rundøy fyr.

7. \**Fri vestanfor Geitmaren*: Teigetua til Okla.
8. \**Fri austanfor Geitmaren*: Igeskardet godt fri Teigefjellet.
9. \**Fri nordanfor Geitmaren*: Rundøy fyr i skardet på høgste Godøya.
10. \**Fri sørvest for Grunnane og nordvest for Runøy fyr*: Tendenesaksla (Rundøy) til gamle Rundøy fyr.

### Breisundet: Méd og utløp austanfor Rundøy.

*Méd for Golla* (6 fv.): Golleneset i Kvalsneset og Gollefjellet under Slagtinden på nordsida. Må skyast i stor sjøgang. Tre grunnar.

*Méd for Vallabåane* (2 fv.): Hessa (Sukkertoppen) til Lesten og Keipen (Skorpetua) kjem utfor høgste Rundøya. Dei er svært vide og må alltid skyast. Mange grunnar.

11. \**Inn Breisundet sørانfor Golla*: Godøya inn til Tueneset.
12. \**Inn Breisundet sørانfor Vallabåane*: Heile Sukkertoppen fri sørانfor Godøya.
13. *Fri vestanfor Golla*: Vestkanten av Leinehornet på Geitnasen (austre Rundøyfjell).
14. \**Fri nordanfor Vallabåane*: Indre egg av Guletua til nordre egg av Gamlemsfjellet.
15. \**Fri austanfor Vallabåane*: Alnes fyr vestanfor høgste Havsteinen.
16. *Méd for Grunnskallen* (10 fv.): Hidsegga i tua på Geitnasen og Grunnskalltinden kjem ut for Skolma. Den er fårleg i svær sjøgang.
17. *Méd for Håflua* (5 fv.): Osberget (ved Ulstein) mellom to små tuer på den nordlegaste enden av Grasøya og Håflutua i Geitnasen. Den er vid og må skyast i sjøgang.
18. *Méd for Breiflua* (5 fv.): Ulstein kyrkje i Osberget og Kvalneset på ytste Grasøyttangen. Den er vid og må skyast i stor sjøgang.
19. *Méd for Tekleskallen* (7 fv.): Osberget på Vattøyhaugen og Alnesegga omlag ei famn inn på ytste enden av Grasøya. Knapp og må alltid skyast.
20. *Méd for Dybflisten* (5 fv.): Ulstein kyrkje på sørrenden av Eggholmskjeret og Eltrane i eit skard på midten av Flørauden. Knapp og må skyast i stor sjøgang.

**Giskeundet: Méd og utløp austanfor Godøy.**

1. \**Fri sørانfor Anglegrunnen* ( $10^{1/2}$  fv.): Ålesundaksla sørانfor høgste Havsteinen.
2. \**Fri sørvest for Fauskane og Anglegrunnen*: Sørvestpynten av Godøya innpå vestkanten av Sula. Farlei: Sula midt i Breisundet mellom Godøya og Kvitneset.
3. *Fri sørvest for Dyngeskallen* (16 fv.): Sørkanten av Havsteinen til Alnespynten.
4. *Méd for Høgeskallen* (19 fv.): Inste Skorperøra på Løssettora (ytst på Rundøyfjellet) og Havsteinen i Ramskaret. Knapp og må skyast i svær sjøgang.
5. *Méd for Kløvgrunnen* (13 fv.): Keipen (Skorpetua) på Svartemannen (midt på Rundøya) og djupaste Masdalsklova nordanfor Kvitneset. Svært vid og må skyast i stor sjøgang.
6. *Méd for Dyngeskallen* (16 fv.): Dynga i nord for Haramsøya og søndre Flåa kjem nordanfor Kvitneset. Knapp og må skyast i stor sjøgang.
7. *Méd for Statsgrunnskallen* (12 fv.): Alnesfyret i Valkvedaksla (nordaustenden av Godøya) og Erkna inn til Molneshornet (Vigra).
8. *Méd for Olsflua* ( $5^{1/2}$  fv.): Sula kjem litt sør for Lesten og vestenden av Synes-fjellet på Lillerauden. Knapp og må skyast i stor sjøgang.
9. *Méd for Lyren* (8 fv.): Alnesfyren sørانfor høgste Havsteinen og store Alnesrauden litt austanfor Erkna. Knapp.
10. *Méd for Hellene utfor Alnestangen* (2 fv.): Ein kan ikkje reise mellom land og Hellene. Det nærmeste punktet som ein kan kome til, er der andre Ulsteinegga står på Lestaskjeret. Knapp og fårleg i stor sjøgang.
11. *Méd for Leiafallet*: Ålesundsaksla på Havsteinen og Omneberget nordvest på Lepsøya) på Håfleset. Knapp og bør alltid skyast.
12. *Méd for Alnesbreiflua* ( $1/2$  fv.): Ramskaret på Havsteinen og Lillerauden i Synes-hammaren. Vid og fårleg i stor sjøgang.
13. *Méd for Hellene ved Giskøyrevet* (2 fv.): Ålesundsaksla nord på Ørnebakken og Ulsteinegga på Tangesteinane. Dei er vide og må skyast i stor sjøgang.
14. *Méd for Revsteinen* (3 fv.): Vestre Galten i Alneselva og Ramskardet på søre Ødegårdshusa. Knapp og må alltid skyast.
15. *Méd for Lillegrimen*: Omneberget (nordvest på Lepsøya) på Håfleset og Veibustfjellet til Ørnebakken (på sørkanten av Giske). Knapp, må skyast i stor sjøgang.

16. *Méd for Storgrimen* (2 fv.): Håfleset i Gamlemselva og Ålesundsaksla ei famn nord på Ørnebakken. Knapp, fårleg i stor sjøgang.
17. *Méd for Kvalsbåen* (1 fv.): Valkvedet sør for Lillerauden og Klandreeggga ytst på Ulsteinegga. Vid, bryt alltid.
18. *Méd for Oddebåen* (1 fv.): Ålesundsaksla midt på Langskjeret og Rødehornet på Ulsteinegga. Knapp, bryt alltid.
19. *Méd for Synesstabben* ( $2\frac{1}{2}$  fv.): Oføra på Kvalen (Synes) og Lesten på Håfleset. Knapp, fårleg i stor sjøgang.
20. *Méd for Kjøreskallen* (6 fv.): Dynga i austenden av Lepsøya og Ålesundsaksla til Hesteberget (vestkanten av Erkna). Vid, og må skyast i stor sjøgang.
21. *Méd for Anglegrunnen* ( $10\frac{1}{2}$  fv.): Langskjeret til sørkanten Guletua og høgste Havsteinen i sørkanten av Ålesundsaksla. Må skyast i sjøgang.

#### Utløp frå Vigra.

1. *Fri sørvest for Fauskane*: Erkna fyr midt mellom Skibbyggeren og Toskjeret.
2. *Fri nordvest for Fauskane*: Høgste Hidsegga over andre skardet utanfor Rundøy-varden.
3. *Fri nordaust for Fauskane*: Nordkanten av Ålesundsaksla nordanfor heile høge Erkna.
4. *Fri søraust for Fauskane*: Nystølhornet godt synleg austanfor Rundøy-varden.
5. a. *Méd for Vesteskallen* (10 fv.): Lågaksla i Erknasnadden og Skorpa høgg i ytste enden av Rundøyfjellet.
6. b. *Méd for Nyskallen* ( $6\frac{1}{2}$  fv.): Lågaksla fint i Erknaskardet og Kallen skrevar over skardet på inste enden av Rundøyfjellet.
4. c. *Méd for Remmen* (5 fv.): Lågaksla i Erknasnadden og Kallen går attom ytste kanten på inste Rundøyhaugen. Desse tre nemnde og fleire smågrunnar er så samanhangande at det ikkje finst mellomløp. Om vinteren må alle desse grunnane skyast.
8. d. *Méd for Kløvskallen* (9 fv.): Djupaste Masdalsklova til Lesten og Kallen i same merke som for Remmen. Må skyast i sjøgang.
9. e. *Méd for Jonskallen* (10 fv.): Sætreaksla i Erknaskardet og Vartdalseggga på Lesteskagen (eller Kvalrosfjellet fint utfør Omneberget). Vidstrakt, må skyast i stor sjøgang.

10. *Méd over Vestre Fauskefallene*: Vigra kringkastingmast med fleire raude lys over eitt med Erkna fyr, går rett over dei vestre grunnane av Fauskane. Lysa er gode å sjå om natta.
11. f. *Méd for Kvalrosskallen* (13 fv.): Rødlandstua på Falketua (ei lita tue på Synesfjellet) og Kvalrosfjellet på ei lita tue (Lille-Nils-tua) i bakken innanfor Mennene på høgste Haramsøya. Svært vid, må skyast i stor sjøgang.
12. g. *Méd for Nyskallen* (12 fv.): Markollen midt i Havsteinen og Kallen skrevar over skardet mellom to tuer på Rundøyfjellet som heiter Nyskalltuene. Knapp, må skyast i svært sjøgang.
13. h. *Méd for Grunnskallen* (8 fv.): Ålesundsaksla i Erknaskardet (eller Oføra på Gravahusa på Blindheim) og Kallen på ei tue på Rundøyfjellet kalla Grunnskalltua. Vid, færleg i svært stor sjøgang.
13. *Méd for Dyngeskallen* (6 fv.): Sætreaksla på Dyngen og Markollen i austenden av Rundøyfjellet. Knapp, må skyast i stor sjøgang.
15. *Méd for Blimsboen* ( $1\frac{1}{2}$  fv.): Oføra litt sør for Røsvikhusa og vestre Erknalemben i Valkve. Bryt alltid.
16. *Méd for Sveskallen* (9 fv.): Oføra litt sør for Tørnneset (vestre Blindheim) og Lesten i foten på vestkanten av Erknafjellet. Må skyast i stor sjø.
17. *Méd for Langskallen* ( $10\frac{1}{2}$  fv.): Oføra over Blindheimshusa (eller Gibba båke) og toppen av Lestafjellet inn mot vestkanten av Erkna.
18. *Méd for Blindheimsbreiflua* (7 fv.): Sørkanten av Oføra på Blindheimshusa og Svartskjeret i vestkanten av Erkna.

#### **Inn- og utløp mellom Erkna, Storholmen og Vigra.**

1. *Fri nordaust for Fauskane*: Storholmen fyr i austkanten av Gohaldet (Lepsøy).
2. *Fri vestanfor Storholmen*: Erkna fyr innpå Valkve, nordaust-pynten av Godøy.
3. *Méd for Helskallen* (6 fv.): Oføra på Helskalltua (ei tue på Blindheimsfjellet) og Synes fyr i Havsteinen.
4. *Méd for Høfsflua* (7 fv.): Melingskjeret i Mennene (det høgste punktet på Haramsøyfjellet og Hovsaksla (Ellingsøy) litt sør for Torvneset (Blindheim)).
5. *Méd for Søre Sandbakken* ( $4\frac{1}{2}$  fv.): Oføra på skjeret nordanfor Langholmen og Ulsteinegga på Erknabåen.
6. *Méd for Nordre Sandbakken* (4 fv.): Oføra på Bakke-løa i Rørvika eller Oføra på Skjærbaen og Ulsteinegga i Erknøybåen.

7. *Méd for Knutskallen* (2 fv.): Skjærbåen i Kirken og Store-Rosholmen i Rønstadhellaren.
8. *Méd for Martinskallen* (5 fv.): Oføra på Barden (vest av Langholmen) og Hidsegga på austenden på Erknafjellet.
9. *Méd for Blindheimskirkeflua* (2 fv.): Kirken på Barden og Gibba i Alneselva.
10. *Méd for Mælen* (2 fv.): Oføra på to tuer midt på Langholmen og Gibba i Lesten.
11. *Méd for Skjærbåen* (1 fv.): Gibba i Lesten og Tosellen (nordenden av Blindheimsfjellet) nordanfor Langholmen.
12. *Méd for Molnesskallen* (2 fv.): Sætreaksla på Blindheimshaugen og Lillerosholmen ei famn ut for Rønstadhellaren.
13. *Méd for Svarven* (2 fv.): Nedaksla sør til Tosellen og Svarveegga (Tåaksla) på høyeste Erknafjellet.
14. *Méd for Dausken* (5 fv.): Kirken i sørkanten av Bjørnøya og Ulsteinegga på Erknabåen.
15. *Méd for Storfallet* (1 fv.): Melingskjeret i Veten og Lesten til austkanten av Erkna fyr.
16. *Fri Høfsflua*: Sørkanten av Oføra over sørpynten av Langholm-barden.
17. *Fri nordaust for Storeflua*: Storerorsholmen i Langneset.
18. *Méd for Leiskallen* (5 fv.): Melingskjeret og Oføra på Leinskall-tua på Molnesfjellet.
19. *Méd for Nordre Flua* (2 fv.): Lepsøy—Klovningen i Kvernholmen og høyeste Storerosholmen i eit mørkt strek på Breisanden.
20. *Méd for Botnskallen* (6 fv.): Melingskjeret i Rundøyfyret og høy-ste Rosholmen i Breisanden.
21. *Méd for Storeflua* (2 fv.): Oføra litt sør for Molneshornet og Lepsøy—Klovningen i Kvernholmen.
22. *Fri nordanfor Stimskallen, Lakseskallen, Kirkeskallane o. fl. og*
23. *Dyngeskallen* når Myskjafjellet kjem nordanfor Lepsøy, og fri nordaust for dei når Oføra står i Hornedalen på Molnesfjellet. Fleire grunner 5 til 1 fv.
24. *Fri sørvest for Lepsøy—Klovningen og Klovningsfallet*: Når Tinden er godt synleg sørانfor Gohaldet.

#### **Inn- og utløp frå Lepsøy aust for Storholmen.**

1. *Méd for Klovningsfallet* (1 fv.): Knappen i Rundøyfyret og Ravnen på sørrenden av Lausundholmen.
2. *Méd for Søre Djupfallet* ( $1\frac{1}{2}$  fv.): Lepsøy—Klovningen i Farstadaksla og Ulsteinegga på austre Erknafjellet.

3. *Farlei*: Bløkallen synleg sør for Haramsfjellet.
4. *Méd for Nordre Djupfallet* (3 fv.): Lepsøy-Klovningen i Roaldneset (Langeneset) og Ulsteinegga på småtuene utfør høgste Erknafjellet.
5. *Méd for Snøggskallen* (7 fv.): Lepsøyklovningen i Gamlems-hammaren og Melingsskjeret i Ulsteinegga.
6. *Méd for Støtten* (21/6 fv.): Rekdalshesten fint ut for Myskjafjellet og høgste Stor-Rosholmen i Molneshalsen.
7. *Méd for Jegteskallen* (7 fv.): Oføra nord for høgste toppen på Budefjellet (Roald) og Lilleholmen går til Storholmen.
8. *Méd for Holmeskallen* (6 fv.): Erkna kjem litt inn for Storholmen og Lepsøyklovningen i Farstadaksla.
9. *Méd for Skåraeggskallane* (6 og 9 fv.): Dei er tre i talet, og har desse méda: Den første: Storholmen i Ulsteinegga. Den andre: Storholmen i Hidsegga. Den tredje: Storholmen i Runde. Alle tre ligg etter Skåraegga på austenden av Myskjafjellet.
10. *Méd for Sandbrauten* (3 fv.): Sula på Kjerringa (på andre tua på Synesfjellet) og Hildrehesten sør for Hellevikhornet.
11. *Méd for Sandbrautgrunnen* (4 fv.): Hildrehesten mellom Hellevikhornet og Gohaldet, og Sula i inste skardet på Kjerringa.
12. *Méd for Yste-Kallen* (5 fv.): Tinden sør til Omnehornet og Ulsteinegga i eit lite skard ytst på Erknafjellet.
13. *Méd for Midt-Kallen* (4 fv.): Tinden til Omnehornet og Ulsteinegga på ei lita tue tett aust for fyret på Erknafjellet.
14. *Méd for Inn-Kallen* (9–6 fv.): Sula inst i Åseegga (på austenden Synesfjellet) og Rekdalshesten på Vardetua på høgste Haramsfjellet.
15. a. *Méd for Seiskallen* (3 fv.): Klovnningen i Valderøya og Rekdalshesten på austenden av Myskjafjellet.
16. *Méd for Fjordmannsfallet* (2 fv.): Sula på austenden av Synesfjellet og Klovnningen i Rønstadnosa.
17. *Méd for Skjæringsgrunnen* (15/6 fv.): Klovnningen i Alneselva og Skjæringsskardet sør til Gohaldet.
18. *Åmundbåane*: Har ikkje merke då dei bryt støtt. Båar i vassflata.
19. *Méd for Indre Statsgrunnen* (6 fv.): Tinden sør til Gohaldet og Melingskjeret i Alneselva.
20. *Méd for Ytste Statsgrunnskallen* (7 fv.): Statshesten i Storholm-sundet og Hildrehesten nørdest på Omneberget (Bryggen).
21. *Farlei*: Bløkallen synleg sør for Haramsfjellet.

22. *Méd for Tindegrunnen* (3 fv.): Tinden sør til Hellevikhornet og Lepsøyklovningen i kanten på Lesten.
23. *Méd for Ganopen* (6/6 fv.): Sula på inste halvdelen av Lepsøyklovningen og Hildrehesten sør til Hellevikhornet.
24. *Méd for Svartegrunden* (5 fv.): Sula i eit lite skard midt på Synesfjellet og Svartegga (austre kanten av Lepsøyfjellet) sør til Hellevikhornet.
25. *Farlei*: Hellevika fyr og lykt over eitt.
26. *Méd for Hella (ved Skreia)* (6 fv.): Skåraegg på Vardetua (søre kanten av høgste Haramsfjellet) og Sula på ei lita tue ytst på Synesfjellet (Sandbrauttua).
27. *Méd for Småskallane* (12 og 13 fv.): Skåraegg på Vardetua (søre kanten av høgste Haramsfjellet) og Storholmen frå Rundøy til Ulsteinegga.
28. *Farlei*: Haram (Austnes) kyrkje over Skreia.  
*Farlei*: Gylta til Innholmen.
29. *Méd for Vetegrunden* (15/6 fv.): Valderøya på Storetua (vestkant) på Molnesfjellet og Naggen i Setshellaren.
30. *Méd for Svanshauggrunnen* (4 fv.): Sula på Svanshaugen (mellom Blindheim og Røsvik) og Harams-Klovningen i Grava (litt aust om Haramsneset).

#### Inn- og utløp fra Haram.

1. *Méd for Klovningsgrunnen* (2 fv.): Søre kanten av Myskjafjellet til odden av Haramsneset og Klovningen i Benken (ytste kanten av Lepsøyfjellet).
2. *Méd for Ånesgrunnen* (5 fv.): Klovningen i Myskjaneset og Sula ut til Blindheimsfjellet.
3. *Méd for Langfallet* (2 fv.): Sula på ei lita tue på austenden på Blindheimsfjellet (eller på Lillerosholmen) og Klovningen i Hildrehesten.
4. *Méd for Skalmeskallen* (4 fv.): Søre kanten av Myskjafjellet på Haramsneset og Skalmen i Rosholmen.
5. *Méd for Veteskallen* (3 fv.): Skalmen litt aust for Setholmen og Sula litt ut på Synesfjellet.
6. *Méd for Vetegrunden* (8 fv.): Skalmen i Sethellaren og Sula på Vetefallstua (ei tue på austre enden av Synesfjellet).
7. *Méd for Jarsteinskallane* (9 og 10 fv.): Hellandsskardet unna Haramsnova og Storholmen i Stad.
8. *Méd for Søre Ivarskallen* (10 fv.): Storholmen i ytste Flåhaugen og Skreia i Setholmen.

9. *Méd for Nordre Ivarskallen* (13 fv.): Storholmen i Klippen (innanfor Rundøysundet) og Gohaldet midt på Skalmen.
10. *Méd for Steinrunnane* (9 og 10 fv.): Hildrehesten nord for Haramsnova og Seigrunnskardet (på Rundøy) midt mellom Storholmane.
11. *Méd for Rødhammarskallen* (14 fv.): Rødhammaren på Myskjafjellet (Haramsøya) kjem fint ut for Haramsøyfjellet og vestre Storholmstangen i Klippetangen (austanfor Rundøysundet).
12. *Farlei*: Gohaldet over Harams-Klovningen.
13. *Méd for Langbåane* (4 og  $5\frac{1}{2}$  fv.): Sula på Langbåtua (Flattua midt på Vigra) og austkanten av Hornhammaren (ein fjellhaug ved Ullanova) til v.kant av Kvernholmen fyr.
14. *Méd for Stavnesflua* (5 fv.): Flåhaugen inntil Lepsøya og Rødhammaren på Hardhaugen på Haramsneset.
15. *Méd for Lilleflua*: Sula på Innholmen og Rødhammaren på Stavneset.
16. *Méd for Skulestøa* (9 fv.): Nordre kanten av Kvernholmen i nordre kanten av Ullaholmen og Hestøya over vestre kanten av Haramsneset.
17. *Méd for Bergskallen* (6 fv.): Flemseidet over nordre kanten av Kvernholmen og Hestøya over Haramsneset.
18. *Méd for Åshammarflua* (6 fv.): Høgste Gohaldet over Staveneset (vestpynten av Haramsøya og 3 kabellengder tvers av land).
19. *Méd for Lilleskallen* (6 fv.): Hellevik fyrlykt over Stavneset og Naustskjer fyrlykt til nordre kanten av Kvernholmen.
20. *Méd for Søre Flua* (6 fv.): Flåhaugen utfor Lepsøyrået og Hildrehesten til Hornsrøra på Ullafjellet (eller høgste Ærfjellet (Fjørtoft) over nordpynten av Lilleskjer).
21. *Méd for Storsteinflua* (3 fv.): Fløegga i eit lite skard midt på Kvernholmen og Naustskjeret til høgste kanten av Ullahammaren.
22. *Méd for Røsseflua* (7 fv.): Rået (ytre kanten av Lepsøya) til ytre kanten av Kvernholmen og Flemsklippen i eit skard nordanfor Alvestadskardet.
23. *Méd for Flemsbåen*: Nedre kanten av Gohaldet til Haramslia og austre kanten av Haregråegga (vestkanten av Skjeringen) til Skulen (Flemsøy).
24. *Méd for Nordvestre Seiskallen* (9 fv.): Haregråegga (vestkanten av Skjeringen) til Skulen og Sula på Småtuene (inst på Vigrafjellet).
25. *Méd for Hesteskallen* (9 fv.): Sula på Røyså (nordkanten av Råklubben) og Remmetua austanfor Hildrehesten til Ullahornet.

26. *Méd for Seiskallen* (8 fv.): Nordpynten av Haramsklovingen til Sørpynten av Rosholmen og Hildrehesten over Lilleskjer.
27. *Méd for Klakken* (13 fv.): Haramsklovingen til vestpynten av Innholmen og Remmetua austanfor Hildrehesten til Ullafjellet.
28. *Méd for Bjørlokgrunnane* (8 og 10 fv.): Søre kanten av Haramsklovingen ut om Gohaldet og nordre kanten av Skulen over nordkanten av Kvernholmen.
29. *Méd for Håskallane* (7 og 10 fv.): Hornrøra (Ulla) nordanfor Kvernholmen 1) og Sula i Vigra kyrkje og 2) Sula over Torshella og 3) Sula mellom Torshella og kyrkja.
30. *Méd for Vasstindskallen* (9 fv.): Remmetua (austanfor Hildrehesten) til sørsla av Myskjafjellet og Skalmen (ein köyreveg utanom Hidsegga) i innerkanten av Rundøysund.
31. *Méd for Bløkallgrynnna* (12 fv.): Store Harøybur litt nordanfor Sværslingane og Haramsklovingen i Hellevik fyr.
32. *Méd for Seigrunnskallen* (11 fv.): Hildrehesten nordpå Haramsnova og Seigrunnskardet (Rundøy) går 1 famn utanfor Storholmen fyr.
33. *Méd for Ålmandskallen* (13 fv.): Rundøybranden går 1 famn innanfor Storholmen fyr og Hildrehesten inntil vestkanten av høgste Haramsfjellet.
34. *Méd for Havbåen* (10 fv.): Fjørtoft Varde over Søre Sværslingen og Innholmen over Haramsklovingen.

*Namn på méd som er brukte vestetter utfør Ulla.*

35. *Méd frå sør til nord:*

1. Ropphornet.
2. Ulsteinegga.
3. Storhaugen.
4. Inste Haugen.
5. Midthaugen.
6. Ytste Haugen.
7. Kiven.
8. Isegga.
9. Rundøysundet.
10. Austkant Rundøyfjell, Geitanasen.
11. Rundøyvarden og Rognefluskardet (nordom varden).
12. Seigrunnskardet (søranfor Branden).
13. Rundøybranden.
14. Kvalneset (nørdste neset av Rundøy).

### Inn- og utløp fra Skuløy og Fjørtoft.

1. *Méd for Grunnflua* (3 og 7 fv.): Flemsklippen i Alvestadskardet og Flåhaugen til Lepsøyrået (eller Haramsklovningen litt innanfor Flemsbåen).
2. *Méd for Breiflua* (4 og 6 fv.): Hildrehesten i nordre Flemskardet og Søre Småskjer i Harøyburet.
3. *Farlei inn Nogvafjorden*: Skåraegg godt synleg nordanfor Skulen.
4. *Méd for Svaet tett innanfor Sværslingane* (1 fv.): Midfjordskjeret i nordre Kleivahaugen (sør for Fjørtoftvarden) og Hornhammaren innanfor Ullaholmen.
5. *Méd for Hakebåane*: Nogvamulen på Store-Sværslingen og Lepsøyrået til Ullanova. To båar i havflata.
6. *Méd for Hakebågrunnane* (6/6 fv.): Nogvamulen på Store-Sværslingen og Lepsøyrået godt utfør Ullanova.
7. *Méd for Ytste Skipperskallen (Fløremmet)* (3 og 3 fv.): Småskjeret i Neshaugen (på Fjørtoftneset) og Ytste Sværslingen i Ullahornet.
8. *Méd for Inste Skipperskallen* (15/6 fv.): Småskjeret i Fjørtoftneset og Ytste Sværslingen i Ullaelva.
9. *Méd for Bombeskallen* (2 fv.): Småskjeret i Nogvamulen og Ullanova på Inste Sværslingen.
10. *Méd for Gryvla*: Småskjeret i Skårahammaren og Fløegga til Ullanova.
11. *Méd for Seiskallane* (2 og 3 fv.): Nordre Langflæs-enden i Ramsberget og Inste Storsværslingen i Ullanova.
12. *Méd for Ivarskallen*: Skåraegg på søre enden av Langflæsa og Ullanova på Inste Sværslingen.
13. *Méd for Gregorskallen* (2 fv.): Fjørtoftvarden på søre enden av Langflæsa, og Ytste Sværslingen i ein stor hammar innanfor Ullanova.
14. *Méd for Gryvleskallen* (3 fv.): Gryvla i Rundøy og Skåraegg til Fjørtoftneset.
15. *Méd for Søstrene*: Søsterfjellet til Nogvamulen (eller Drynaklubben på Fjørtoftvarden) og Lepsøyrået til Ullanova.
16. *Méd for Flatskallen; nordaust av Flaten* (15/6 fv.): Flaten i Rundøy og Hellenakken på Fjørtoftvarden.

### Inn- og utløp for Fjørtoft, Uksnøy og Myklebust.

1. *Méd for Vardefallet* (5 fv.): Flaten i Fjørtoftvarden og Valderøya på Lilleråa (utfør Råklubben) eller Kvernholmen fyr i djupaste skardet utfør Graslia.

2. *Méd for Hellandsfallet* (5 fv.): Sula ytst på Råklubben og Flaten i Hellandsryggen.
3. *Méd for Storskallen* (15/6 fv.): Hellenakken på Ærfjellet og Sula på ei lita tue på Råklubben.
4. *Méd for Esterfallet* (8 fv.): Hellenakken på Ramsberget og Sula på Råklubben.
5. *Méd for Ryggeflua* (11 fv.): Sula ytst på Råklubben og Skåraegga sørانfor høgste Ærfjellet.
6. *Farlei mellom Esterfallet og Storeskallen*: Hellenakken midt på myra mellom Ramsberget og Ærfjellet.
7. *Farlei mellom Vardefallet og Flaten*: Fyrlykta på Uksnøyflesa litt sør for Lille Harøyburet.
8. *Farlei nordvest for Graslifalla i stor sjø*: Sula godt ut på Roaldtangen eller Graslia ei famn utanfor Ullanova.
9. *Méd for Gamleskallen* (9 fv.): Flaten i Flem og Havsteinen i Stemhesten.
10. *Méd for Aglapskallen* (6 fv.): Iseggå på Kvernholmen og Aglapen på nordre enden av Fjørtoft (Skutvikneset).
11. *Méd for Digerfalla* (6/6 fv.): Aglapen i Ullanova og Råmskjeret i Ærfjellet.
12. *Méd for Kirkeskallen* (21/6 fv.): Fjørtoft kyrkje til austkanten av Brunkleggen og Stemhesten litt innanfor Gåsskjeret.
13. *Méd for Gåsskjerskallen* (3 fv.): Skåraegga på Ramsberget og Gåsskjeret i Stemhesten.
14. *Farlei austanfor Kirkeskallen*: Gangstadaksla på austre enden av Store Flesskjer, til Brødrene tvers og så Flesa fyr litt sør om Myklebustaksla. Styr tett inn til Flessnagen og ha Skåraegga kring 1 meter austanfor kanten av Ramsberget.
15. *Farlei vestanfor Kirkeskallen og inn Brunkleggsundet*: Ramsberget til austsida av Brunkleggen. *Eller inn Flesstraumen*: Flesa fyr i Myklebustaksla.
16. *Méd for Kroppungsfallet* (mellan Gåsskjeret og Kråka): Nogvamulen på Toskjera og Storkråka i Uksnøyvarden.  
*Méd ved Talbuleia*.
17. *Farlei Talbuskjerleia* (for mindre båtar): Talbuskjer i Ramsberget. Forbi: austanfor Talbuskjeret.
18. *Méd for Ytste Talbuskjeret* (5 fv.): Ullanova på Ytste Sværslingen og Talbuskjeret i Fjørtoft-Varden.
19. *Méd for Inste Talbuskallen* (9/6 fv.): Ullanova på Inste Sværslingen og Talbuskjeret i Vardeberget (sør om Varden).

20. *Méd for Nåløyfallet* (2/6 fv.): Ullanova på Langflesa og Skåra-egga på Kleivahaugen (sør om Varden).
21. *Méd for Fanten* (3/6 fv.): Sønderlandaksla på Kobbeskjeret og Myklebustaksla på Råmskjeret.

#### **Méd frå Gåsskjeret og ut til Harøyfalla.**

1. *Méd for Gåsa*: Brunkleggen i Fjørtoftvarden og Stemshesten på på Sinholmane.
2. *Méd for Gjerslingane* (6/6 fv.): Brunkleggen litt austanfor Fjørtoftvarden og Stemshesten på Håfinnskjeret og Håfinnen (to grunnar).
3. *Farlei*: Harøyburet i hola aust om Digergubben.
4. *Méd for Gjerslinggrynnna* (6 fv.): Brunkleggen i tua sør for Ramsberget og Hånesrøra (på Haramfjellet) i Bondehogget (andre skardet på Flemaksla).
5. *Méd for Godøykallen* (4 fv.): Godøyhornet litt synleg utanfor Ullanova og Hildrehesten inn til austkanten av Skulerøra.
6. *Méd for Vest-Gjerslingen* (6 $\frac{1}{2}$  fv.): Flaten i Rundøybranden og Skåraegga på Fjørtoftvarden.
7. *Méd for Hausane* (to grunnar, 3 og 4 fv.): Ropphornet på Kvernholmen fyr, og Skåraegga sør for Mangsfjellet (eller Gangstadaksla på Uksnøyvarden).
8. *Méd for Morasene* (tre grunnar, 10, 8 og 7 $\frac{1}{2}$  fv.): Den austre; Skåraegga på tua aust om Årfjellet. Den midtre: Skåraegga på Årfjellet. Den søre: Skåraegga på tua sør av Årfjellet og Flaten i Kvernholmen og inn i Ullanova.
9. *Méd for Steinboskallane*: *Den vestre* (6 fv.): Brunkleggen i tua sør om Årfjellet og Ekneskjera (Ektenskjera) i Tornesnakken (Fræna). *Den austre* (6 fv.): Brunkleggen i Fjørtoftvarden og Ekneskjera innanfor Tornesnakken.
10. *Méd for Uksnøy-Digerfallet* (4 fv.): Skåraegga på Ramsberget og Ekneskjera i Stemshesten.

#### **Méd kring Harøyfalla.**

1. *Méd for Gardsenden* (6 fv.): Havsteinen i Myklebustaksla og Stemshesten i inste Ona.
2. *Méd for Skrøvla* (6/6 fv.): Skåraegga på Ramsberget og Stemshesten i ytste Ona, eller Vetegga på Skrøvletua (på Støhansen).
3. *Méd for Jørngrunnane* (to grunnar, 6 og 8 fv.): Husa til Rasmus Uksnøy (dei vestre på Uksnøy) over Havhesten og Vetegga (Gammelsrøra) ut til Fluahogget (ytre kanten av Stortua).

- Merk: På Flemshalsen er det tre hogg eller skard. Det inste: Fluhogget, det midtre: Bondehogget, og det ytste: Setehogget.
4. *Méd for Røsokhavflua* (4 fv.): Flåhaugen på Råklubben og stova til Knut Uksnøy over Havsteinen (eller Skåraegga på Ramsberget).
  5. *Méd for Bringen* (2 fv.): Rekdalshesten på Harøyburet og Gamlemsegga på Myra på Flemshalsen.
  6. *Méd for Vestbåen* (7 og 8 fv.): Nogvamulen på Havsteinen og Skropen (skjeret) i djupaste Heggdalsskardet (på Otterøya).
  7. *Farlei*: Harøyburet over Havsteinen. Inn austanfor Havsteinen.
  8. *Farlei*: Harøyburet over Skropen.
  9. *Méd for Nordbåane* (7 og 7 fv.) (fleire grunnar austover): Fjørtoftvarden på Skropen og Skipholmen i ei grøft i fjellet sørانfor Ræstaddalen (Otterøya).
  10. *Méd for Skropsgrunnen* (2 fv.): Ullanova på Havsteinen og Myklebustaksla nørdest på Ekneskjera.
  11. *Méd for nordvestlegaste Ekneskjerskallen* (3 fv.): Inste Ona på Skipholmen og Ramsberget på Ekneskjera.
  12. *Méd for Storskallen* (6 fv.): Kårbuen (ved Flemsøy) på Ekneskjera og Svarven i skardet på austre Sinholmen.
  13. *Méd for Lilleskallen* (3 fv.): Ullanova på Ekneskjera og søre Skjeringrøra på Harøyburet.
  14. *Méd for Fanneskallen* (3 fv.): Håfinnskjeret på Rørskjeret. Klar av skallen vest om: Nordre Sinholmklubben sør for Håfinnen.

#### Méd kring Sandøysøyla og Ona.

1. *Méd for Harnes-Havflua* (5 fv.): Søregga på austre enden av Seterøya og Havsteinen i Ullanova.
2. *Méd for Såndøyskolten* (9 fv.): Søregga på Håskalltua (austre Håværet) og Skipholmen i Fjørtoftvarden.
3. *Méd for Håskallen* (5 fv.): Søregga på Håskalltua (austre Håværet) og Ballane i søre del av Husøya.
4. *Méd for Storskallen* (10 fv.) har ein ikkje. Fri sørvest for: Ytre Ballen aust for husa på Finnøya.
5. *Méd for Langflua* (9 fv.): Søregga på Kista (Husøyholmane) og Ballen i Røsokaksla.
6. *Méd for Digrrene* (9/6 fv.): Søre Røra av Rødsethorne (Otterøya) på Håværet og Skipholmen i Ullanova.
7. *Méd for Rembåane* (fri vestanfor): Skåraegga i djupaste Drynaskardet.
8. *Farlei inn til Ona sør om Rembåane*: Søregga på den midtre

haugen av Svellingen til ein får Ytre Ballen i Lille Harøyburet. Då held ein nord av Ona. Fri nord om Hettebåfluene: Stemshestegga på Vellumskjeret.

### Méd kring Ona.

1. *Méd for Hettebåfluene*: Søregga på Holmevarden og Stemshesten på Skjæla.
2. *Méd for Kongleskjerskoltane* (2 fv.): Søregga på Mannen i Salen og Skalktinden inntil Ona-Kalven.
3. *Farlei fri nordanfor Rembåane*: Galdreskjærmerket i djupaste skardet mellom Stemshesten og Mælen.
4. *Méd for Brattskallen* (8 fv.): Håværet på Gravskjeret og Gamlemsrøra på høgste Marøya.
5. *Méd for Lørken* (3 fv.): Inste egg av Flemsøya på Ekneskjeret.
6. *Méd for Nygrunnen* (6 fv.): Gangstadrøra sør for Skjørsundet (vest av Ona) og Søregga på nordre Odden.
7. *Méd for Oddeflua* (to grunnar, 4 og 4 fv.): Gangstadrøra i fyren på Husøy—Salen og Søregga på Røsholmen.
8. *Farlei austanfor Lørken til Ona*: Gangstadrøra på Holmevarden (på Husøyholmane).
9. *Farlei mellom Gravskjer og Lørken*: Lille-Salen (austanfor fyren på Husøy) i Heggdalsskardet (på Otterøy).

### Méd kring Kråksundet.

1. *Farlei fri nord av Lillefluene mot Kråksundet*: Rundkippen i Stemshestegga.
2. *Farlei for Kråksundet*: Søregga i nordpynten av Åmunden.
3. *Méd for Lilleflua* (6 fv.): Gamlemsrøra på Skåra og Gangstadrøra på Skjæla.
4. *Méd for Ytre Svein* (7 fv.): Søregga på Lyren og Ona fyr på den ytre tangen av Skjæla.
5. *Méd for Inste Søster* (21/6 fv.): Søregga på Lyren og Ona fyr på Skjæla.
6. *Méd for Gorseklakken* (7 fv.): Julneset på Langskjervarden og Indre Skuleegga litt utanfor Ona fyr (eller Nogvamulen på Klakketua).
7. *Fri vest om Gorseklakken*: Julneset vestanfor Langskjeret.
8. *Méd for fri nordvest om Finnen*: Indre Skuleegga midt på Oterholmen.

### Méd kring Buadjupet og Bjørnsund til Orskjera.

1. *Méd for Bjørnsund-Klakken* (nordaust av Klippen) (6 og 9 fv.): Ona-Kalven (Ona fyr) i Ullanova (Haramsøya).
2. *Farlei*: Toppen av Gjendemsfjellet austanfor austpynten av Bjørnsund.
3. *Farlei klar på vestsida av Funnen, Simonflua og Bua-Odden*: Søregga (austre Otterøya) i det nordre skardet på Skjærlingen.
4. *Farlei klar på vestsida av Terningen og Gardsbonden*: Jelmannsburet (på austkanten av Gossen) midt over Oddane.
5. *Farlei klar vest om Kolbeinflua*: Bjørnsund fyr i Misundaksla (vestkanten av Otterøya).
6. *Farlei over Hustadvika, aust om Seiklakkskallane og Godtaren*: Den indre eggja av Skulen (Flemsøy) på Lille Harøyburet.
7. *Farlei inn til Hustadvika klar sørvest av Godklakken og Seiklakkskallane*: Tranfjellet (Rødfjellet på Gjemnes-landet) vel gøymt attom Stemshesten.
8. *Méd for Drokeklakken* (12 fv.): Jelmannsburet (på Gossen) inntil vestenden av Budlandet og Ona fyr godt utanfor Flemsøy (Landsenden).
9. *Méd for Turiskallen* (15 fv.): Jelmannsburet (Gossen) på austre enden av Skjærlingen og Ona fyr litt vestanfor høgste Haramsøyfjellet.
10. *Méd for Karl med hammaren* (14 fv.): Jelmannsburet (på Gossen) over den vestre haugen av Skjærlingen og Ona fyr litt vestanfor det høgste av Haramsøyfjellet.
11. *Méd for Lilleklakken* (7 fv.): Austre Otterøy-fjellet på Medahaugen (andre haugen på det vestlegaste Gulberget og halve flata mellom Harstadfjellet og Tranfjellet i Stemshesten).
12. *Méd for Vestklakken* (5 fv.): Austre Otterøy-fjellet på vestre enden av Gulberget og Harstadsrådet til kanten på Stemshesten.
13. *Méd for Midtklakken* (7 fv.): Austre Otterøy-fjellet på Steinshaugen (midt på Gulberget) og Harstadsrådet på Stemshesten.
14. *Méd for Ostklakken* (7 fv.): Austre Otterøy-fjellet på Lukketua (aust på Gulberget) og Harstadsrådet til Stemshest-kanten.
15. *Méd for Grunnklakken* ( $8\frac{1}{2}$  fv.): Austre Otterøy-fjellet på Saupsrådhaugen (ein haug aust på Gulberget) og Harstadfjell-kanten til Stemshesten.
16. *Méd for Kroppen* (3 fv.): Austre Otterøy-fjellet på Leiktua (ei litla tue på Austre Gulberget) og Kropptua (ei tue vest på Silsetfjellet) til det høgste av Stemshesten.

17. *Farlei nord av Kroppen*: Magnhildberget vel utanfor Bremsnes-hatten.
18. *Méd for Breigrunnstaren* (13 fv.): Bjørnsund fyr over den austre holmen av Lyroddane og Hustad kyrkje over den austre kanten av Malehammaren (Male).
19. *Méd for Farstadlangfluene* ( $8\frac{1}{2}$  fv.): Høgste toppen av Freiøya godt sør for Kvitholmen fyr og Horberget (på Hustad) over Okse-boghaugen (nord-nordvest av garden Nerland).
20. *Méd for Halvardklakken* (8 fv.): Høgste toppen av Freiøya omlag over Kvitholmén fyr og Hustad kyrkje litt innpå vest-kanten av Hoksneset.
21. *Méd for Finnen* (6 og 7 fv.): Nordre Stople-varden på Våge-haugen og Nøstad-aksla godt nord om Remme-husa.
22. *Méd for Ufsetaren* (6 fv.): Høgste Hoksneset i Stemshesten og Hokstadaksla på Heiloremhusa.
23. *Méd for Kirkeflua*: Nøstadaksla midt på Fløneset og ytste Stems-hestkanten på Hoksneshaugen.
24. *Méd for Leifallet*: Kvitholmen fyr i høgste Freiøya og Svartokse-skjeret midt i Stemshest-salen.
25. *Méd for Nordre Fuglevingen* (2 fv.): Fuglen i Buafjellet (Gul-berget) og Kvitholmen fyr i den søre kanten av Harstadfjellet.
26. *Färlei fri nordom Fuglekakken*: Toppen av Magnhildberget over nordre hjørnet av Bremsneshattan.
27. *Méd for Føllingsflua* (3 fv.): Tusnaega midt over Føllingen og Kalven (i Orskjera) over austre Skjærborgskjer.
28. *Fri*: Kalven til Vestre Skjærborgskjer.
29. *Farlei*: Mellom Skardhammaren (på vestpynten av Averøy) og Visnesfjellet (ved Eide) må det vere ei opning.

#### Namn på méd som er brukte på Hustadvika;

*Kropptua*: Ei tue på Silsetfjellet som kjem fram aust om Stemshesten.

1. *Méd for Kroppen*: Kropptua til austkanten av Stemshesten.

*På Gulberget ved Bud er det 5 méd:*

1. Ein haug aust på Gulberget: Saupskardhaugen.
2. Ei tue aust på Gulberget: Leiktua.
3. Ein haug midt på Gulberget: Steinshaugen.
4. Ein haug på vestre Gulberget: Medahaugen.
5. Vestre rør av Gulberget: Vargehaugen.

### Méd kring Orskjera til Ravnen.

1. *Méd for fri vest av Orskjera:* Høgste Mekknoken midt over Føllingen.
2. *Méd fri vest av Klevklakken (8 fv.):* Kvitholmen fyr godt fri vest om Fogna.
3. *Méd for Kleppen (4 fv.):* Freiskardet over Austre Sleipskjeret og Mælen over Austre Skjærborgskjeret.
4. *Méd for Ostklakken (4 fv.):* Sjursvarden over vestpynten av Kalven.
5. *Méd for fri Flantrene (1 fv.):* Fri nordanfor Kvernberget over Stabben og fri vestanfor Gråskjeret midt i Gulberget.
6. *Méd for fri austanfor Stabben og Stabbetaren (3 fv.):* Mælen over austre Sleipskjeret.
7. *Méd for Hotflua (1 fv.):* Kalven, Gråskjer og Nordre Nordhotten over eitt, og Sjursvarden nett vestanfor Håskjeret. Fri austanfor: Sjursvarden austanfor Håskjeret.
8. *Méd for Borgundtaren (4 fv.):* Fri Olotten nordanfor Nordhotten. Fri Føllingen sørانfor Håkaskjer.
9. *Méd for Eggeflutaren (5 fv.):* Sjursvarden litt austanfor Kvitholmen fyr, og Freikollen nordanfor Lille Sortna.
10. *Méd for Eggeflua (9/6 fv.):* Stemshesten mellom fyrtårnet og fyrvaktarhusa på Kvitholmén og Bremsneshatten midt over Sortna.
11. *Méd for Vestre Håtaren (5 fv.):* Kalven vestanfor Skarveskjeret og Kvernberget utanfor Store-Sortna, i same breidd som denne.
12. *Méd for Vestre Skarveskjertaren (8 fv.):* Kvitholmen fyr over vestpynten av Føllingen og nordpynten av Buholmen til nordpynten av Skarveskjeret.
13. *Méd for fri nordanfor Kleppene (1 og 3 fv.):* Sørkanten av Stor-Sortna til nordkanten av Brimneshatten.
14. *Farlei sørvest av Grunnkampen:* Stor-Sortna i Lille-Sortna.
15. *Farlei fri vest av Fingalstaren (9 fv.):* Søre Ravnen godt austanfor Hesteskjer fyr.

### Méd frå Ravneleia til Grip.

1. *Méd for Grunnkampen (8 fv.):* Mekknoken over Store-Sortna og Austre Ravnen kring  $1\frac{1}{2}$  gang si eiga lengd nordanfor Kverna.
2. *Méd for Hentaren (4 fv.):* Hesteskjer fyr litt sør for Smårvnen.
3. *Indre Stenen (3 fv.)* ligg  $3\frac{3}{4}$  kabellengder i S til O  $1\frac{1}{2}$  O frå Ytste Stenen. Ein har ikkje méd for den.
4. *Méd for Ytste Stenen, vel ei halv nautisk mil nordanfor Smårvnen (7 fv.):* Magnhildberget over Store eller Vestre Skjælbreia.

5. *Méd for Bodalstaren* (10 fv.): Kvernberget over Store Skjælbreia og Nordre aksla av Kårvågfjellet over Austre Ravnen.
6. *Méd for Kofttaren* (15 fv.): Søre Ravnen over Sjursbogen og Sydskjellingen til sørrenden av Store Skjælbreia.
7. *Fri av Midtfjordsfallet* ( $\frac{1}{2}$  fv.): 1) Sørانfor: Magnhildberget i høyeste Kvernberget. Og 2) nordanfor: Søre Ravnen vel fri Austre Ravnen.
8. *Farlei*: Skjortetinden midt over Rushaue.
9. *Méd for Gamle Jakob*: Søre Ravnen nett utanfor Kråka og Stokk-knoken over Rødeggan (Fiskeværet).
10. *Méd for Ufstaren* (5 fv.): Sua i Omfarskjer lykt og Stavnes fyr på ytste kanten av Nordre Treflesa.
11. *Méd for Lilletaren* (6 fv.): Sua i Tusnarampen (den nordre aksla av Tusnafjellet) og Møstaksla (den øvre aksla av Freikollen) over Treflesa Varde.
12. *Fri nordanfor Ufstaren og Lilletaren*: Skibnes over Søre Flesin.
13. *Méd for Olsjursjutaren* (4 fv.): Kjønsvikneset over Austre Tre-flisskjer og Sua til nordpynten av Kvitingen.
14. *Méd for Haue* ( $\frac{3}{2}$  fv.): Sørpynten av Brathårskollen til sør-pynten av Søre Flesin og Silveråsen midt over Treflesa.
15. *Nordre Sigurd* har ein ikkje méd for.
16. *Méd for Søre Sigurd* ( $\frac{2}{2}$  fv.): Stavnestua over Treflesa og Grip kyrkje til austpynten av Kvitingen.
17. *Méd for Løntarane* (2 fv.): Kjønsvikneset midt over Treflesa og Kropsholmen ved Grip nett søranfor Kvitingen.
18. *Méd for ein båe* (8 fv.): Varden på Grøningen over nordpynten av nordre Moholmskjeret, og austre røra av Bremsneshatten midt over Treflesa.
19. *Méd for ein båe* (4 fv.): Stavnes fyr over vestpynten av Treflisa og varden på Grøningen nett nordanfor Moholmen.
20. *Méd for Engelsfalla* (8 fv.): 1) *Det nordste*: Austre kanten av Bremsneshatten over Rundskjellingen og Grip kyrkje over nord-pynten av nordre Moholmskjeret. 2) *Det sørlegaste* (9 fv.): Møste-aksla over Rundskjellingen.
21. *Méd for Treflistaren* (5 fv.): Sørpynten av Store Skjælbreia nett gjøymd attom sørpynten av Treflisa, og Freikollen over austpynten av Rundskjellingen.
22. *Farlei for Skjellingsleia*, fri austom Engelskfalla og Treflistaren: Bremsneshatten over Rundskjellingen.
23. *Méd for Skjellingsleia*: Freikollen over Stavnes fyr.
24. *Farlei, Treflisleia*: Austre røra av Kvernberget litt sør om Sør-skjellingen.

**Méd på austsida av Treflisleia kring Grip og Griphølen.**

1. *Méd for Djevletaren* (to grunnar, 4 og 6 fv.): Søre Tverpenskjer i Grip kyrkjetårn og Sua i ytre kanten av Flesa.
2. *Méd for Nordre Fausken* (2 fv.): Søre Tverpenskjer i Søre Kvitingen og Sjursvarden i Ytre Flesa.
3. *Méd for Sommerklakken* ( $4\frac{1}{2}$  fv.): Ytre røra av Stemshesten over Djevla og vestre røra av Kvernberget over Austpynten av Grip.
4. *Méd for Hårskollklakken* ( $4\frac{1}{2}$  og 6 fv.): Grip fyr i Sinsettua og kyrkjetårnet på Grip i indre kanten av Nordre Bekselkjer.
5. *Méd for Ytre Langfallet* (4/6 fv.): Ytre røra av Stemshesten over vestre Ivarflesa.
6. *Fri nordanfor Ytre Langfallet (mot Grip)*: Vestre Ivarflesa godt fri sørانfor Midtkvitna.
